

**Dønhaug sterk kandidat til landskapspris?**

05.05.2013

**Dønhaug bør etter manges meining vera ein sterk kandidat til å vinna Kulturlandskapsprisen for 2013 i Hordaland. Den vert i år delt ut for 17. gong og temaet dette året er ny bruk av ledige landbruksbygg. Fristen for innsending av forslag er 14. mai og forslaga skal sendast elektronisk til [fmhosgs@fylkesmannen.no](mailto:fmhosgs@fylkesmannen.no) Prisen er på 50 000 kroner.**

Prisen i år går til dei som har teke ledige landbruksbygg i bruk til ny bruk. Det er ikkje sett nokre kriterie knytt til alder eller kva slags bygg som vert prioritert.

I utlysinga vert det peika på at bygga speglar den allsidige ressursutnyttinga frå kyst til fjell. Døme på bygg kan vera låve, naust, stølshus, bustadhus med meir.

Forslaga vert vurdert ut frå kreative løysingar, nye forretningsområde, val av materialar og stadstilpassa løysingar med meir. Fylkesmannen ber om at den nye bruken av bygget vert presentert saman med korleis landskapet vert skjøtta kring om bygget.

Kvar kommune er invitert til å koordinere og koma med med forslag ved faginstansar innan landbruk, miljø og kultur saman med dei lokale faglagane. Kvar kommune kan fremja eitt eller fleire forslag, som skal vera i form av skriftleg omtale og i tillegg foto eller annan dokumentasjon.

Prisvinnaren kan vera einskildpersonar, fleire gardsbruk eller grender. Kåringa skjer innan utgangen av hausten og det er Kulturlandskapsgruppa som står bak.

Vinnaren av den regionale prisen vert sendt vidare til den nasjonale.

Av Ola Matti Mathisen